



Scandic Sunnfjord hotell

1.-3. november 2024

**NFU Vestland fylkeslag inviterer
menneske med utviklingshemming
til**



Kulturfestivalen 2024

Dette er den 35. Kulturfestivalen som vert arrangert og temaet for festivalen i år er:

ROCK'N ROLL

Gjennom helga vil vi tilby ei innholdsrik musikkhelg. Ved påmelding vel du kva kurs du vil delta på gjennom helga. Det er ikkje sikkert du får plass på førstevalet ditt og difor ber vi om at du set opp eit andreval også.

I løpet av oktober sender vi ut info på e-post om kva kurs du får delta på. Det er difor viktig å gje oss e-post adressa som vi kan nytte.

I år er deltakaravgifta på 400 kroner for medlemmer av NFU, og 900 kroner for ikkje-medlemmer.

Differansen er tilsvarande årskontingenten for å vere med i NFU, så det kan vere lønsamt å melde seg inn som medlem. [Støtt oss/bli medlem - NFU Norge](#)

Vi kontrollerer medlemskap opp mot oppdaterte lister før vi sender rekninga til deg.

Kursa du kan velje mellom er:

- **Musikalsk samvær:**
 - Dette kurset er for deltakar med samansett funksjonsnedsetting. Det vil seie både kognitiv og fysisk funksjonshemming. Det vert lagt vekt på oppleving av musikk og samvær.
- **Enkelt samspel:**
 - Her får deltakarane synge, lære å bruke rytmeinstrument eller andre instrument.
- **Band:**
 - Deltakarane får kvar sitt instrument. Så spelar dei saman til kjente låtar.
- **Forming:**
 - Alle får lage noko som dei får med seg heim.
- **Måling:**
 - Her får du utfalde deg som kunstnar, og får måleriet med deg.
 - NB! Instruktøren krev at alle på dette kurset har med seg ein fylgjeperson som hjelper.
- **Dans:**
 - Her blir det mykje danseglede til fengande musikk.

Prisar for overnatting inkl all mat på hotellet

- **1800 pr natt** pr deltakar

Prisar for dei som ikkje skal bu på hotellet:

- **Middag fredag** kveld kr 495 pr. deltakar
- **Dagpakke laurdag** kr 600 pr. deltakar
- **Middag laurdag** kveld kr 620 pr. deltakar (i eige festlokale med servering)
- **Dagpakke søndag** kr 600 pr. deltakar



Vi har fått lovnad frå Studieforbundet at dei vil dekke kostnad til opphald/overnatting/mat for fylgjepersonar. Difor blir deltaking noko rimelegare i år for dei som treng å ha med fylgjeperson.

Ved påmeldinga må det kome fram om du som deltakar skal ha enkeltrom, dobbeltrom osv, og kven som evt skal vere på same rommet. Eventuelt eige rom til fylgjeperson må også skrivast i påmeldinga.

Programmet startar fredag 1.november kl 17, med innregistrering frå kl 16.
Vi avsluttar med lunsj søndag 3. november kl 13.

Påmelding innan 20. september 2024

PÅMELDINGSSKJEMA finn du ved å klikke på denne lenka:

[Påmelding til kulturfestivalen 2024](#)

Kontakt for spørsmål om kursa og gruppe:

- Gry Sætre, gry.setre@gmail.com, tlf. 90 94 93 16

Kontakt for spørsmål om måltid, overnatting og betaling:

- Stein Erik Øvrebø, st-er-ov@online.no, tlf. 97 58 81 19

Kulturfestivalen blir støtta av



*sparebankstiftinga
sogn og fjordane*



**Vestland
fylkeskommune**